



Direktoratet for Naturforvaltning
Tungasletta 2
7485 Trondheim

Vår ref.: 2012/27 Dykkar ref.: 2012/5058 ART-BI-DHT Dato: 8.6.2012

Genmodifisert, sprøytemiddeltolerant raps

Søknad EFSA/GMO/BE/2011/101: Raps MON 88302 frå Monsanto til import, prosessering, mat og fôr under EU-forordning 1829/2003 (første innspelsrunde)

Bioteknologinemnda har motteke høyringsbrevet frå Direktoratet for naturforvaltning datert 9.5.2012, og stiller no spørsmål som vi meiner produsenten bør gjere grundigare greie for, før søknaden skal sluttbehandlast i Noreg. Rapsen MON 88302 er genmodifisert til å tole sprøytemiddel med glyfosat. Vi viser derfor òg til høyringssvaret vårt for den glyfosattolerante rapsen GT73 frå Monsanto datert 13.2.2012. Etter at produsenten har kommentert spørsmål og innvendingar frå EU/EØS-landa, ønskjer Bioteknologinemnda å få søknaden på ny høyring.

Innspela frå Bioteknologinemnda

Bioteknologinemnda ber om at Monsanto må svare på desse spørsmåla:

- Bidreg denne rapsen til at bøndene får høgare eller meir stabile inntekter?
- Reduserer rapsplanten behovet for andre innsatsfaktorar på kort og lang sikt?
- Korleis vil rotasjon mellom denne rapsplanten og andre sortar som er utvikla for andre sprøytemiddel, føre til at utviklinga av resistent ugras blir forsinka?
- Blir bruken av sprøytemiddel endra, og korleis påverkar det helsa til bøndene/dyrkarane?
- Vil samansetnaden av sprøytemiddelrestar i mat og fôr basert på raps bli endra?
- Korleis er persistensen av sprøytemidla (kor lenge blir sprøytemiddelrestar verande) i plantematerialet?

- Finst det reglar for sameksistens der rapsen skal dyrkast, og blir dei følgde slik at det er mogleg å velje å dyrke ikkje-genmodifiserte vekstar?
- Er det eit system for å hindre spreiding av gen frå den genmodifiserte rapsen til ville slektningar av raps?
- Er det eit system for å hindre spreiding av den genmodifiserte rapsen til avlingar med ikkje-genmodifisert raps eller slektningar av raps?

- Er det eit system for erstatning viss den genmodifiserte rapsen spreier seg til avlingar med ikkje-genmodifiserte vekstar?
- Har bøndene valfridom slik at det er mogleg å gå tilbake til å dyrke ikkje-genmodifiserte plantar etter å ha dyrka den genmodifiserte rapsen?
- Har bøndene i området der rapsen skal dyrkast, tilgang til alternativ såvare?
- Blir det nye bindingar eller større fridom i kontrakten som bonden signerer med selskapet for å kjøpe og dyrke den genmodifiserte rapsen?

- Ser ein for seg at landbrukspraksisen i dyrkingsområda vil bli endra ved bruk av denne rapsen, og i tilfelle korleis?
- Vil dyrking av denne rapsen gi omlegging i arealbruken slik at det fører til endring av det biologiske mangfaldet?
- Vil dyrking av den genmodifiserte rapsen føre til endringar i landbrukspraksis som kan ha sosioøkonomiske følgjer for bestemte grupper av befolkninga?
- Skaper dyrking av denne rapsen auka sysselsetjing lokalt, regionalt og nasjonalt?
- Gir produkt av denne genmodifiserte rapsen nokre fordelar for kjøparen/forbrukaren?
- Er denne rapsplanten tilpassa dyrkingsforholda til småbønder i utviklingsland?

Med helsing



Lars Ødegård
leiar



Sissel Rogne
direktør

Saksbehandlar: Audrun Utskarpen, seniorrådgivar

Kopi: Mattilsynet

Oversikt over relevante høyringssvar frå tidlegare:

1. Høyringssvaret frå Bioteknologinemnda for rapsen GT73 datert 13.2.2012
2. Høyringssvaret frå Bioteknologinemnda for rapsen GT73 datert 20.5.2008
3. Høyringssvaret frå Bioteknologinemnda for rapsen GT73 datert 23.4.2004
4. Høyringssvaret frå Bioteknologinemnda for rapsen GT73 datert 6.12.2004.
5. Høyringssvaret frå Bioteknologinemnda for rapslinjene Ms8, Rf3 og Ms8xRf3 datert 20.5.2008